Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Eid

Emne: Bryne. Bygdelag:

Oppskr. av: Kristian Juel Johansen Gard:

(adresse): Torvik i R. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Alle grovare steinar av ymse slag, nytta til kvessing, vert kalla bryne og tildels kvatstein. Finare steinslag, særleg utanlandske, vert kalla hein. – Ein bryner eller kvæter ljå; men heiner oks og tolleknív, hövel tenger og jarn.

2. Stort sett er no vanleg kunststein: karborundum i bruk. – I eldre tid var det 3 slag: Sandsteinbryna, nærast ein brungul grovkorna stein. „Tyskebryne" ein raudprikka stein, truleg ispungt granat, vart rekna for å vera det beste. Båe desse var norske og vanleg handelsvare. I 90 åra var ibruk engelske støypte steinar. Storleiken var 2"×3"×12" og ein måtte saga dei op i höveleg stykkjer. Til det vart nytta gamle sagar. Dei var dårlege og var ikkje i bruk meire enn eit 10 år.

5. På garden Eide fann eg for nokre år sidan ein liggande kvatstein, som etter å döme hav

349

vore nytta som ohse-hein:




Steinen vantar eit stykkje og ser ut for å vera gråblå skifer ? Steinen er slitt på båe sider. No på „Gyldenåö"

~~Til~~ Noverande bruk av slik stein kjenner ein ikkje til.

2. Vanleg brynestein finst ikkje i heradet. Ein kunne ofte finna finare heinsteinar på stader der skuter la att ballast. Ein slik stad var Torvik. På gardane „Orä" og Straumr skal vera i bruk heiner funne i jorda, og er antatt å vera gamle sverd-bryne.

6. Ljåane vert vanleg slipt på slipestein eller kvas ~~ökt~~ (f); ellers når slipå (f.) vert så hort eller rund at bryne ikkje greier å halda eggen kvass.

8. Ljåen sitter fast på orvet (krokorv er vanleg i bruk i heile heradet) under slipinga. Festinga var tidlegare tög: bjørkerötter, desse vart avlöyst av streng og holker med skruing

9. Under bryning held ein ljåen under venstre arm med orvenden på jorda. Stuttorv same lunds men med orvet mellom knea.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

10 Bryne~~kolken~~ Stokken var vanleg av tre. Uthola (drenet) av heil stokk påsett band for å undgå sprekk. Seinare kom det ibruk brynestokkar av jarnblikk.

12. Brynestokken vart hekta på beltereima og hekk til vanleg midt bak. Frå gamalt hekk han framme.

13. Karborundum nyttar ein turr til ljå. Ellers nyttar ein fukt til alle natursteinar samt den engelske kunststeinen. Til finare amboð nyttar ein olje til fukt og til karborundum.

14-16 Görr vart saman med filsbör av messing kanskje tidlegare nytta mot beinbrot. Det vart gjeve i grauten og var truleg meint at beina då på ein måte skulde verta „lodda" saman.




Brynestokk av bjørk etter ein gamal husmann under „Lesheim". No på „Gyldenås"

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
349